



Til høyringspartane

Dato: 30.06.2014
Vår ref.: 2014/16490-5
Saksbehandlar: solsond
Dykkar ref.:

Høyring av Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland legg no Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram ut på høyring og offentleg ettersyn, etter vedtak i fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Denne planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033.

- Den regionale planen set miljømål for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn.
- Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å førebygge eller forbetre tilstanden der det er naudsynt.
- Det viktigaste faktagrnnlaget er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning, Vann-nett, www.vann-nett.no.
- Overvåkingsprogram for vassregion planen er vedlegg til planen.

Informasjon

Planen er utlagt hos Hordaland fylkeskommune, Info- og servicesenter, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt 5, Bergen. Planen og informasjon om planarbeidet og høyringa ligg på nettsida www.vannportalen.no/hordaland. Kontaktperson: Sølve Sondbø, solve.sondbo@hfk.no (tlf. 55 37 80 01).

Høyringsmøte

Vi tar sikte på eit høyringsmøte i kvar av dei 5 vassområda i Hordaland. Dato for disse er ikkje fastsett. Det vert i tillegg arrangert høyringsmøte om vasskrafttema 3. september kl 10.00. Møtet finn stad i Vestlandet, fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5, Bergen. Påmeldingsfrist 30. august.

Høyring

Innspel til alle delar av planen er velkomne. Innspel skal merkast med 2014/16490 og sendast til: hfk@hfk.no eller Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen, eller v/elektronisk høyringsskjema på nettsida. Høyringsfristen er 31. desember 2014.

Tom Christer Nilsen

fylkesordfører